



Marit Einarsen og Kjetil Grønsberg
Løvåsveien 15
5145 FYLLINGSDALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5841 - 14/23170

Saksbehandlar:
Kristin Nielsen
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:
16.10.2014

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 102/51

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 01.07.2014.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det omsøkte tiltaket har måleverdige areal som er meir enn 50 m² til saman og det søkast også om fasadeendring, difor må det søkast om tiltak etter Plan- og bygningsloven § 20-1 i staden for § 20-2. Det må sendast inn nytt søknadsskjema. Skjemaet er å finne på www.dibk.no, bruk blankett 5174: «Søknad om tillatelse til tiltak». I tillegg er det trong for at dykk søkjer om å vere sjølvbyggare, bruk blankett 5184: «Søknad om personlig ansvarsrett som selvbygger av egen bolig eller fritidsbolig».
2. Det må sendast inn situasjonskart på nytt kor dei omsøkte tiltaka er målsatt. Avstand til nabogrense må og målsettast.
3. Målsette fasadeteikningar i målestokk 1:50 eller 1:100 som syner ny situasjon av fasade nord-øst, sør-øst og nord-vest må sendast inn.
4. Det må sendast inn planteikning i målestokk 1:50 eller 1:100 som er målsatt. Minstekrav er at ytre mål visast. Verandaen må også synast på planteikninga.
5. Det må sendast inn målsett snitteikning i målestokk 1:50 eller 1:100.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 10.12.2014**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).



Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Marit Einarsen og Kjetil Grønsberg Løvåsveien 15 5145 FYLLINGSDALEN